



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 13.05.2019  
Vår ref: 2019/639  
  
Dykkar dato: 04.01.2019  
Dykkar ref: 18/1317

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn av detaljregulering av ny kommunal barnehage i Lindås

Vi viser til melding om offentleg ettersyn av reguleringsplan for ny kommunal barnehage i Lindås kommune. Vi viser òg til brev av 17.12.2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om vidareføring av statleg *Forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar*.

Det vart holdt dialogmøte mellom Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen på Statens hus 12.04.2019. Fylkesmannen har fått høringsfrist til å gje samordna uttale til 15.05.2019.

### Bakgrunn

Føremålet med reguleringa er å leggje til rette for ny offentleg barnehage med tilhøyrande anlegg. Samstundes vert delar av planområdet opna for sambruk mellom barnehage, skule og uorganisert fritidsaktivitet elles. Planområdet omfattar og delar av Prestelva og «Trondhjemiske postveg» der det er tilhøve som skal takast i vare.

### Statleg samordning

I denne saka har Fylkesmannen motteke uttale frå Statens vegvesen (SVV), der det er peika på at deler av planen kan stride mot statlege omsyn.

### Statens vegvesen si vurdering

I ROS-analysen, kap 4.3.6 Trafikktihøve, har ein teke utgangspunkt i at barnehagen vil generere ein trafikkmengd på 2-400 kjt/døger, som er i underkant av det ein berekna i planomtalen. Vidare skriv ein:

*«I reguleringsplanen er det teken omsyn til denne trafikkauken gjennom at planen legg til rette for ei utbetring av krysset mellom Fjellangersvingane og Lindåsvegen, samt at fortaket mot Lindås sentrum vert forlenga heilt fram til barnehagen.*

*Det er gjort ei vurdering av trafikktryggleik i planomtalen, og tiltaka er vurdert som tilstrekkelege»*

Statens vegvesen er samd med konklusjonen i ROS-analysen om at tiltaka i plankartet vil ivareta trafikktryggleiken i tilstrekkeleg grad. Det er likevel ikkje sett krav om rekkefølgje



for utbetring og trafikksikring av krysset mellom fv. 398 og fv. 400, slik plankartet viser. Statens vegvesen si erfaring er at tiltak utan rekkefølgjekrav ikkje vert bygd.

Statens vegvesen meiner det er avgjerande for trafikktryggleiken i kryssområdet at dette vert utført før barnehagen vert teke i bruk. Dei vil difor varsle motsegn til reguleringsplanen slik den ligg føre, og krevjar at det vert sett rekkefølgjekrav om trafikksikring og utbetring av kryssområdet i samsvar med plankartet.

Planframlegget tilfredsstiller ikkje Statens vegvesen sine interesser når det gjeld trafikktryggleik. Dei krev at det vert sett rekkefølgjekrav om trafikksikring av kryssområdet mellom fv. 400 og fv. 398 før barnehagen vert teke i bruk. Statens vegvesen fremjar difor motsegn til planen, i lys av deira rolle som fagmynde for trafikktryggleik og ferdsle.

Vi viser elles til uttalen som før er senda som kopi til kommunen.

#### Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen har vidare vurdert planen ut frå eige sektoransvar for medverknad i den kommunale planlegginga og har merknad til handtering av erstatningsareal knytt til areal nytta til leik.

Det er igjennom planarbeidet registrert at barn nyttar mykje av planområdet til leik både i skuletida og etter. Planen tar omsyn til mange av dei registrerte områda, men delar av det som er registrert som Elefantskogen er sett til byggeområde for barnehage. I planskildringa står det at:

*«Elefantskogen vil framleis vere stor, sjølv utan kollen, og bruken kan og utvidast ned mot Prestelva dersom ønskjeleg (Dette er eit område med gode kvalitetar som barna/ uteskulen ikkje nyttar i dag). Med bevaring av både den bruken Elefantskogen representerer (gapahuk, bålpllass mm.) og den bruken akebakken representerer (vinterleik) er barna og uteskulen sin bruk framleis god sikra i framtida. Det er og fleire andre areal i nærliken som vert nytta, og kan nyttast av barn, både på fritida og i skulesamanheng, jf. fig. 14.»*

*På bakgrunn av dette legg vi til grunn at kravet om erstatningsareal etter rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga ikkje slår inn her/ er ivaretatt.»*

Slik Fylkesmannen ser på det, vil eit området som i dag er i bruk til leik verte råka av bygging av barnehagen. Vi viser til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga der det mellom anna står at: *«Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.»*

Det aktuelle området er sett til friområde i gjeldande reguleringsplan. Vi meiner at når området brukt til leik vert nytta til anna formål, må det sikrast erstatningsareal. I planskildringa vert området ned mot prestelva peikt på som eit område som ikkje vert nytta men som har gode kvalitetar. Vi meiner det bør vurderast om ein kan sikra dette området til leik/ friområde gjennom denne planen.

#### **Utvika dialog med kommunen**



I tråd med rutinane for samordningsforsøket har Lindås kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Møtet vart halde den 12.04.2019 i Statens hus.

#### Til stades frå Lindås

- Hogne Haugsal, assisterande rådmann
- Line Valle, einingsleiar eigedom
- Hans Kristian Dolmen, rådgjevar

#### Til stades frå Statens Vegvesen:

- Marianne Skulstad, senioringeniør
- Kari Elster Moen, overingeniør

#### Til stades frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Egil Hauge, seksjonsleiar
- Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar

#### Tema som vart drøfta

Fylkesmannen ønska velkommen og dialogpunktene vart så presentert og diskutert. Nedanfor gjev vi att konklusjonane på dei einskilde punkta.

#### Rekkjefølgjekrav

Statens vegvesen presenterte si vurdering av mangel på rekkjefølgjekrav til trafikksikring av kryssområdet mellom fv. 400 og fv. 398. Kommunen var uroa for at eit rekkjefølgjekrav kan føre til at barnehagen vert for dyr eller at den ikkje kan byggjast så snart som dei ynskjer. Fylkesmannen fann ikkje grunn til å avskjere motsegn til Statens vegvesen. Kommunen må rette opp planen på dette punktet.

#### Erstatningsareal

Barns bruk av leikeareal i området og kommande barnehage sin bruk av område vart diskutert. Det vart ikkje fremja motsegn mot at erstatningsareal for tapt leikeareal i barnehageområdet ikkje er sikra i denne planen. Området som er nemnt i planen som eit aktuelt erstatningsareal er LNF-formål i overordna plan. Fylkesmannen legg til grunn at ved endring av formål i overordna plan eller ved dispensasjonssøknader vil ein leggje vekt på at område er viktig som leikeareal.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen fann ikkje grunn til å avskjere Statens vegvesen sitt motsegn til manglande rekkjefølgjekrav til gang og sykkelveg. Kommunen må rette opp planen på dette punktet.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Egil Hauge  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN